





# KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga  
til Rikskonsertane

2012  
2013



## Majorstuen



# Garantert Annleis

Konsert for 8. - 10. årstrinn

Turneen er eit samarbeid mellom

RIKSKONSERTANE



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



## KONSERTINFORMASJON: Majorstuen

### PROGRAMMET OG GRUPPA

Medlemmene i Majorstuen møttest som studentar på Noregs musikkhøgskole, og spelte saman som sekstett frå 2002 til 2009. Dei siste tre åra har dei vore ein kvintett.

Majorstuen er ei forfriskande oppleving: energi og eleganse, utstråling og sjarm, humor og sjølvironi, trøkk og tæl. Med andre ord – Majorstuen byr på musikk som freistar! Det er ingen tvil om at dei har det meir enn hyggjeleg saman, og at dei er utruleg samspelte. I den eine augneblinken er musikken full av lengsel, den neste stinn av sjølvbevisst la-oss-gå-ut-i-verda-denne-herlege-morgonen-humor.

Fire av medlemmene er oppvaksne i ulike strøk av Noreg, og har teke med seg kvar sin lokale folkemusikktradisjon. Synnøve S. Bjørset kjem frå Vestlandet på sitt mest vestlandske – frå ei hardingfelegrend i Jølster. Tove P. Dalbakk er stigen ut av dei mollrike østerdalsskogane. Andreas Ljones har med seg den sterke gudbrandsdalstradisjonen. Jorunn Marie Kvernberg er frå havsalte Fræna i Romsdal. Anders Löfberg frå eit sterkt folkemusikkmiljø i Småland i Sverige blandar seg fint inn med dei norske medlemmene av Majorstuen. Med liv og leikelyst vidareforedlar gruppa dei ulike musikalske dialektane sine.

Majorstuen er ei sterk blanding av rytme og klang, nytt og gammalt repertoar. Alle spelar fele, nokre av dei vekslar iblant til cello eller bratsj.



## KONSERTINFORMASJON: Majorstuen

### PRAKTISK KONSERTFØREBUING

- Kulturkontakten på skolen tek imot musikarane og er til stades under konserten.
- Konsertsalen må vere klargjort for musikarane seinast 45 minutt før konsertstart.
- Musikarane ønskjer at konsertsalen minst har vanleg romtemperatur.
- Musikarane ønskjer eit eige rom til å skifte og leggje frå seg ting i.
- Vifteanlegg og andre støykjelder må vere av under konserten.
- Vaktmeisteren og kulturkontakten må få eit eksemplar av denne konsertinformasjonen.



Meir informasjon om gruppa Majorstuen finn du på: <http://www.myspace.com/majorstuen>.

Opplegg: Majorstuen og Hallgeir Frydenlund

Rørslestrategi: koreograf Tharan Revfem (<http://www.pliremulti.com/>)

Bilete: Kari Løvaas

Produsent: Hallgeir Frydenlund, Rikskonsertane © 2006 (omarbeidd 2012)

Vel møtt til konsert!



## KONSERTINFORMASJON: Majorstuen

### SPØRSMÅL OM TURNPLANEN

Turnéplanlegger Solfrid Bygstad  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Tlf: 57 82 50 15 / 90 12 99 14  
E-post: [solfrid.bygstad@sfj.no](mailto:solfrid.bygstad@sfj.no)

### SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Produsent Hallgeir Frydenlund  
Rikskonsertene, tlf. 22 02 59 13  
E-post: [hf@rikskonsertene.no](mailto:hf@rikskonsertene.no)

### FAKTA

Rikskonsertane har det heilskaplege ansvaret for skolekonsertordninga i Noreg og legg dei faglege rammene for verksemda. Skolekonsertane er statleg fi nansierte gjennom budsjettet til Kulturdepartementet. Fylkeskommunane har ansvar for turnéplanlegging og delar av konsertproduksjonen i sine respektive fylke. Kommunane abonnerer på skolekonsertane til Rikskonsertane, ei ordning som i dag omfattar 99,7 % av alle grunnskolane i landet. 600 000 barn får to årlege besøk av profesjonelle musikarar på skolane sine. Den enkelte skolen står som arrangør av skolekonsertane. Kvart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skolekonsertar i Noreg.

Du finn meir informasjon på [www.rikskonsertene.no](http://www.rikskonsertene.no)





# BRUK KONSERTEN!

*Samspill,  
opplevelse  
og læring*

## KONSERTANALYSE — FRÅ OPPLEVING TIL EIGEN IDÉ

Konsertdramaturgi eller konsertproduksjon handlar om ha eit bevisst forhold til korleis ein konsert er iscenesett og bygd opp. Vi har verkemiddel som musikkformidling, regi, arbeid med lys og lyd, bruk av rom og repertoarutval. Ved å analysere ein konsert kan elevane tileigne seg konkret kunnskap som dei vidare kan omsetje i eigen konsertproduksjon.

<b>FAG</b>	musikk, norsk
<b>EMNE</b>	konsertanalyse og konseptutvikling
<b>MÅLGRUPPE</b>	8. til 10. årstrinn
<b>TIDSRAMME</b>	modul 1: ca. 2 timar. Modul 2: ca. 2 timar
<b>RESSURSAR</b>	modul 1: penn, papir, tavle. Modul 2: penn, papir, ev. PC

### MÅL LK06

Eleven skal kunne bruke relevante faglege omgrep i presentasjon av eit arbeid med sjølvvald musikk (musikk, 10. årstrinn). Eleven skal kunne velje uttrykk og formidlingsform i eiga musisering og grunngi vala (musikk, 10. årstrinn). Eleven skal kunne bruke ulike medium, kjelder og estetiske uttrykk i eigne norskfaglege og tverrfaglege tekstar (norsk, 10. årstrinn).

### FRAMGANGSMÅTE

Framgangsmåte modul 1: Ta utgangspunkt i konserten de skal oppleve. Før elevane er på konserten, får dei små oppgåver eller spørsmål om kva dei skal høyre eller sjå ekstra etter i konserten. Fordel det slik at minst to elevar skal observere dei same tinga. Eksempel på spørsmål kan vere: Korleis opnar musikarane konserten? Skaper dei gjennom opninga ein tydeleg kontrakt med og ei forventning for publikum om det som skal skje, og blir denne forventninga innfridd i løpet av konserten? Korleis er rekkjefølgja på låtane bygd opp? Var det mykje variasjon i songane musikarane spelte, med tanke på både stemning, toneart og tempo? Balanserer musikarane det kjende og det ukjende i konserten? Korleis er det generelle tempoet og energinivået i konserten? Kva var det dramaturgiske høgdepunktet på konserten? Var det nokon klare vendepunkt i konserten? Blir publikum inkludert aktivt i nokon delar av konserten? Korleis var forholdet mellom tekst og musikk? Kva verkemiddel tok musikarane i bruk? Korleis kommuniser musikarane? Er dei seg sjølve? Eller speler dei kanskje ei rolle? Kjem budskapet på konserten klart fram? Korleis bruker musikarane rommet dei speler i? Korleis avsluttar musikarane konserten? Er avslutninga klar og tydeleg, eller trur vi det er slutt mange gonger i løpet av konserten? Etter konserten samlar elevane seg i klassen og snakkar om det dei har opplevd. La alle elevane komme med sine observasjonar og refleksjonar. Lag eit felles referat frå diskusjonen som kan brukast som ein observasjonsrapport og hugseliste for skolen sine eigne konsertar. Det er heilt lov å la seg inspirere av andre sine idear når ein skal skape noko sjølv.



# BRUK KONSERTEN!

*Samspill,  
opplevelse  
og læring*

Framgangsmåte modul 2: La elevane beskrive si oppleving av konserten med berre eitt ord. Lag ei liste med alle orda som kjem fram. Eksempel på beskrivande ord kan vere humoristisk, artig, personleg, provoserande, overraskande, nært, absurd, spektakulært, glad, trist osv. La elevane velje tre av orda på lista, og ut frå desse orda skal dei vidare lage sin egen konsertidé. Beskriv ideen i ei konsertskisse, som kan innehalde desse punkta: tittel, besetning, målgruppe, lengd, beskriving av tema for konserten, målsetjingar og intensjon, forslag til repertoar og rekkjefølgja på songane. Vidare kan elevane jobbe med forslag til form og oppbygging av konserten, opning og avslutning. Alt etter kor omfattande oppgåva skal vere, kan elevane vidare skissere plasseringa av publikum, bruk av rom og bruk av element frå andre estetiske fag. Kulissar, teknisk utstyr og bruk av kostyme kan også vere med.

- KVIFOR**
- Elevane trenar opp evna til observasjon og til å ta imot auditive og visuelle inntrykk.
  - Elevane blir oppfordra til å bruke og utvikle fantasien til nyskaping.
  - Elevane ser samanhengen mellom det handverket musikarane utøver, og si eiga utøving.
  - Elevane får eit ordforråd til å jobbe med idéskaping og konseptutvikling.
- TIPS FOR VIDAREFØRING**
- Elevene øver på å omsetje inntrykk til eigne uttrykk og inspirasjon til konkrete idear.

Tips til vidareføring: Ønskjer de å lage og gjennomføre ein eigen konsert, kan de velje eitt av konseptta og jobbe vidare med det. Sjå då Bruk konserten-opplegga Disposisjon til gjennomføring av egen konsert og Elever som arrangør for tips om organisering og gjennomføring av konserten.

Tips til nettsider: <http://no.wikipedia.org/wiki/Folkemusikk> eller <http://www.myspace.com/majorstuen>

[www.rikskonsertene.no/brukkonserten](http://www.rikskonsertene.no/brukkonserten)

